

Møtereferat

Dato: 01.02.2018

Emne:	Referat frå regionalt planforum 30.1.2018 - Planprogram for Kommuneplanens arealdel – Meland kommune	
Til stades:	Meland kommune: Ordførar Øyvind Oddekalv, varaordførar Nils Marton Aadland, rådmann Martin Kulild, Anny Bastesen, Kristin Nåmdal HFK: Eva Katrine Taule, Hans-Christian Engum, Gunnbjørg Austrheim, Sigrun Wolstad, Jomar Ragnhildstveit, Kari P. Kleppe, Endre Korsøen, Gunhild Raddum. SVV: Marianne Skulstad Mattilsynet: Odd Tøsdal FM: Gudrun Skjæveland, Egil Hauge, Birte Martaseth Aasen Fiskeridir: Ola Midtun Invest in Bergen: Vidar Totland	
Forfall:		Sak: 2014/13624-121
Møtetid:	10.00 – 12.00	Møtestad: Møterom Nordhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule**Referent:** Hans-Christian Engum

Regionalt planforum 30.1.2018 Planprogram for Kommuneplanens arealdel – Meland kommune

Innleiing ved Meland kommune v/samfunnsplanleggar Kristin Nåmdal og ordførar Øyvind Oddekalv
Arbeidet med kommuneplanens arealdel bygger vidare på samfunnsdelen og kommunens visjon for utviklinga av kommunen. Det skal ikkje bli utvikla nye mål, men arealdelen skal bidra til å nå allereie vedtekne mål.

Kommunen har hatt, og vil fortsatt ha eit høgt fokus på næringsutvikling og arbeidsplassar lokalt fordi kommunen per i dag har for stor utpendling (68%).

Det er viktig med tidlig involvering av alle partar for å få alle problemstillingar og eventuelle interesse motsetnader på bordet tidleg i prosessen. På denne måten er planforum ein viktig arena.

Gjeldande arealdel vart vedteken i juni 2015 og det er difor ikkje behov for ein full rullering. Det er nokre problemstillingar som ikkje vart fullt ut løyst i gjeldande plan som ein no tek opp. Militær forbudssone tvinger fram nokre problemstillingar, mellom anna at anlegg for akvakultur ikkje kan utvide og at djupvasskaia i forsvarets forbodssone ikkje kan nyttast.

Tema for rulleringa:

- ✓ Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser
 - Skal bli basert på temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019.
- ✓ Areal for gjenbruksmassar
 - Vurdere korleis rettleiaren kan integrerast i KPA, spesielt i føresegner.
- ✓ Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug- Dalstø.

- Per i dag er det 390 elever på Sagstad skule. Det vil vere behov for ny skule i framtida. Særleg i Mjåtveitområdet det er særskilt aktuelt.
- ✓ Reiselivsrelatert næringsutvikling
 - Behov for å legge til rette for småskal næring, mellom anna knytt til landbruket
 - Vurdere behov for campingplassar
 - Utvikling av Meland golf som reiselivsdestinasjon. Aktuelt med småbåtanlegg, hotell, tenestetilbod, strandpromenade, kulturminnepark, bustader.
- ✓ Areal for havbruksnærings på land og vann
 - Forsvarets forbodssone som kom inn i førre rullering gir utfordringar knytt til bruk av djupvasskai og utviding av akvakulturanlegg.
 - Vurdere aktuelle areal for djupvasskai
 - Vurdere areal til akvakultur til sjø og på land.
 - Skal ikkje vere ei generell rullering knytt til næringsareal på land.
- ✓ Sambandet vest
 - Kommunane har fått støtte frå KMD til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman
 - Midlane skal mellom anna nyttast til silingsrapport og forslag til planprogram for ein KDP for Sambandet vest.
 - Målet er å sette av korridorar i KPA til framtidig veg

I følgje framdriftsplanen skal planen vere vedteken innan september 2019 og innan Alver kommune trer i kraft. I intensjonsavtalen for samanslåing til Alver kommune er det gitt at gjeldande arealplanar i den einskilde kommune skal gjelde inntil vidare. Første del av utarbeidinga av ein felles plan vil sannsynligvis vere samfunnsdelen.

Når det ikkje vert opna for nærings og bustad er ikkje engasjementet like stort i befolkninga, har berre fått eit innspel på bustadområde og 10 på næringsareal. Kommunen vil ha fokus på medverknad knytt opp mot tema. Det vil bli arrangert folkemøter, opne kontordagar og møter med aktørar innan deltema, mellom anna reiselivet og havbruksnæringsa. Det skal og vere møte med bønder og utbyggerar om massehandtering. I tillegg vil kommunen ha opne kontordagar.

Drøfting og innspel

Konsekvensutgreiing

Kommunen arbeider under tidspress, men ønskjer å gjere ein god jobb med konsekvensutgreiinga. Treng konsulentbistand på utgreiing i sjøareal fordi kommunen har ikkje nok interne ressursar. Fylkesmannen signaliserer at dei er tilgjengelege for å bistå med kompetanse knytt til konsekvensutgreiing.

Generell innspelsrunde:

Det vart opna for ei generell innspelsrunde, der det også kunne bli løfta problemstillingar eller tema som partane i planforum meiner manglar i planprogrammet.

Det vart peika på at mogelegheita for å rullere berre deler av er relativt ny og at dette er uvant for partane i planforum. Det er fare for at fleire problemstillingar vil bli aktuelle i løpet av prosessen.

Mattilsynet har sendt merknader på tre tema i deira høyringsfråsegn. Dei ønskjer å bli involvert i arbeidet med havbruksrelatert nærings. Dei har vidare kompetanse og ansvar i forhold til aktsomheitsplikta ved flytting av jordmassar og oppfølging av drikkevassforskrifta.

Fiskeridirektoratet har ikkje gitt høyringsuttale fordi dei ikkje har fått planprogrammet tilsendt.

Kommunen beklagar feilen og ettersender i eige brev med mogelegheit for å gi fråsegn.

Fylkesmannen har gitt skriftleg fråsegn i høyringa og meiner det er gode tema som vert trekt opp, spesielt med omsyn til folkehelse og massehandtering. Samtidig peiker dei på at kommunesamanslåinga vil trekke opp ein rekke nye problemstillingar. I nasjonal arealpolitikk vil ha sterkt fokus framover, spesielt med omsyn til nullvekstmålet for personbiltransporten og byvekstavtaler. Kanskje er det ein fordel om nokre problemstillingar vert drøfta på tvers av kommunegrensene i forkant av samanslåing, mellom anna med tanke på sambandet vest.

Hordaland fylkeskommune viser til saka om kjøpesenter på Haukås som har vore i media i det siste. Denne syner at det er utfordrande for kommunane å ha full oversikt over føringar som ligg i regionale planar. Regional plan for attraktive senter er spesiell fordi den inneheld regional planføresegn for handel som også gjeld for byggesakshandsaming. For å forenkle arbeidet til kommunane er det ein fordel om føringane vert innarbeidd i kommuneplanens sine føresegnar, då spesielt med omsyn til lokalisering av detaljhandel, grensa på 3000m² og samtykkehandsaming i fylkeskommunen.

Sambandet vest

Hordaland fylkeskommune peiker på at Sambandet Vest ikkje er forankra i Regional transportplan. Prosjektet er berre omtalt i investeringsprogrammet for fylkesvegane som eit planleggingsprosjekt i regi av kommunane.

Kommunen peiker på at prosessen med sambandet vest er forankra i alle kommunane. Vidare er prosjektet omtalt både NTP og RTP. Det er ikkje noko nytt i saka utover at ein har fått statlege midlar til å gjennomføre planprosessen.

Invest i Bergen peiker på at Sambandet vest er interessant i eit næringsutviklingsperspektiv og at det vil utløyse behov for å sjå næringsutvikling på tvers av kommunegrensene. Etterlyser arbeidet med kommunal næringsplan, kva er status i arbeidet? Med så stor utpendling som Meland har er det heilt sentralt å legge til rette for vekst i næringsliv og arbeidsplassar. Viser til tidlegare arbeid i regi av BRB knytt til behov for næringsareal og korleis ein best kan hushaldere næringsareala i regionen. Planarbeidet bør sette fokus på korleis kommunen kan sette av større areal til næringsverksemd og korleis sambandet vest kan opne nye potensielle areal. Ein bør og vurdere næringsareal til sjø.

Hordaland fylkeskommune trekk fram Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og føringane som ligg i den. Nullvekstmålet for personbiltransporten er eit sentralt mål og premiss for vidare utvikling i Bergensområdet. Sambandet Vest gir nye mogelegheiter for næringsutvikling, samtidig som det vil gi utfordringar knytt til auka transportomfang og bilkøyring. Desse målkonfliktane er det viktig å drøfte i planarbeidet.

Fylkesmannen understrekar at det er viktig å løfte dei rette problemstillingane i planarbeidet. Korleis Sambandet Vest vil påverke arealbruk og transportbehov må ein del av grunnlagsdiskusjonen, og ein må rigge planarbeidet slik at ein får fram verknadene på ein tilstrekkeleg god måte. Dette er eit planarbeide som vil krevje eit stort utgreiingsmateriale, mellom anna fordi ein går inn i uberørte områder og kyst- og strandsone. Framdriftsplanen er ambisiøs.

Statens Vegvesen støtter innspela frå FM og HFK. Vidare blir det peika på at planarbeidet må synleggjere behov som det nye sambandet vil utløyse på tilstøytande vegar som er av dårleg kvalitet.

Fleire partar peiker på at framdriftsplanen for eit såpass stort planarbeid er ambisiøs, og det vert stilt spørsmål om kanskje arbeidet med Sambandet Vest bør skje gjennom eit eige kommunedelplanprosjekt for å få tilstrekkeleg tid til god prosess.

Reiselivsrelatert næringsutvikling

Innanfor dette tema vil det vere særskilt fokus på utvikling av området knytt til Meland golf på Fløksand. Kommunen viser til at det er eit ønske og behov for å legge til rette for at Meland golf får betre fasilitetar å tilby sine kundar. Dette handlar både om funksjonar direkte knytt til drifta av anlegget, men også hotell og service. For å få finansiert tiltaket vil det vere behov for å legge ut tomter for bustadbygging også. Kommunen meiner bustader er ein del av konseptet.

Hordaland fylkeskommune er positive til å utvikle området knytt til Meland golf som ei reiselivsdestinasjon, også med hotell og funksjonar knytt til drift av anlegget. Når det gjeld utvikling av bustader i dette området må dette skje innanfor rammene av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og volumet av utbygging vil vere eit sentralt drøftingstema. Utbyggingsvolum må bli sett i lys av kva området toler av auka trafikk og konsekvensar for utvikling av andre deler av kommunen. Den regionale planen sine retningslinjer må bli lagt til grunn i utforminga av planforslaget.

Fylkesmannen meiner det er spenstig og bra at kommunen satsar på reiseliv og ny næringsaktivitet. Det må likevel bli gjort ei konkret vurdering av korleis dette heng saman med nasjonal og regional politikk for areal- og transport. Vidare må det bli sett i lys av nasjonal strandsonopolitikk og allmenn tilgjengelegheit til strandsona må leggest til grunn for arbeidet.

Statens vegvesen understrekar at tilkomsten til området er utfordrande. Fylkesvegen toler ikkje auka belastning slik den er i dag. Planarbeid for ny veg er i prosess og vegvesenet meiner det bør vere føresegner om rekkefølge for utbygging. Det vil og sannsynligvis vere behov for ny kommunal veg frå fylkesvegen og ned til Meland golf.

Fylkeskonservator trekk fram arbeidet med kommunal kulturminneplan og at denne er eit viktig grunnlag å nytte i utviklinga på Fløksand. Kartlegginga i arbeidet vil vere heilt sentralt i utforminga av ein eventuell kulturminnepark. Utviklinga av området med nye funksjonar må balanserast godt for å ikkje redusere verdien av eksisterande kulturmiljø. Området har særskilt viktige kulturminneverdiar med stor tidsdjupne og mange funn.

Kommunen viser til at kulturminneplanen vil vere ferdigstilt i løpet av våren 2018 og at kommunen er svært bevisst desse problemstillingane og ønsker å legge til rette for ein kulturminnepark. Vidare vert det vist til at kulturminneparken i utgangspunktet er eit forslag frå utbyggjar.

Hordaland fylkeskommune peiker på at utviklinga kommunen legg opp til er positiv ut i frå eit næringsperspektiv. Det er også positivt at ein tenker å bygge på stadlege kvalitetar og skape positiv lokal samfunnsutvikling. Det er likevel eit spørsmål i kva funksjonar og tenestetilbod kommunen tenker å legge til rette for i området.

Kommunen undersrekar at det ikkje er snakk om større service og tenestetilbod, men heilt konkret gjeld det å legge til rette for ein barnehage i området. Her må kommunen vurdere behovet ut ifrå volumet av bustader det vert lagt opp til. Kommunen vil utfordre regionale myndigheiter i å balansere satsinga på reiseliv opp i mot føringar i Regional areal- og transportplan. Kommunen meiner at mange overordna omsyn er ivaretatt i planarbeidet slik det føreligger no.

Det vert understreka av det er viktig å kome med saka i planforum også seinare i prosessen. Fylkesmannen peiker på at det kanskje også kan vere behov for å møte med einssilde etatar for å kunne drøfte meir djuptgåande problemstillingar.

Havbruk

Fiskeridirektoratet har ansvaret for å ta vare på fiskeriinteressene i arealplanlegging. Kommunen bør nytte direktoratet sine kartløyisingar på nettsidene som grunnlag i planarbeidet. Vidare er fiskeridirektoratet positiv til at kommunen vil legge til rette for havbruk som er ein stor og viktig næring i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune meiner det kommunen skriv i planprogrammet er positivt og støtter kommunen i at det er behov for å vurdere areal på land og sjø for å finne eigna areal til akvakultur. Det er også positivt at kommunen tenker å ha medverknad frå næringa. Kommunen er ikkje veldig store på feltet, men har eitt settefiskanlegg og to matanlegg per i dag. Det er har vore noko vekst av leverandørindustrien.

Fylkesmannen er positiv til at havbruk vert løfta som problemstilling. Er einig med kommunen at det er utfordrande med forbodssona for forsvaret, men understreker samtidig at det er ei rekke andre problemstillingar knytt til feltet som må vere med i drøftingane. Fjordane har utfordringar som er kommuneoverskridande og Fylkesmannen viser til at dei har gitt skjønnsmidlar til utgreiingsarbeid knytt til andre fjordsystem i naboområda. Det vil vere ei diskusjon om kva som høyrer heime i ein konsekvensutgreiing på kommuneplannivå og kva som skal bli vurdert på tiltaksnivå. Fylkesmannen er i prosess knytt til desse problemstillingane og har som eit viktig utgangspunkt at ein i planprosessar ikkje berre skal utgreie konsekvensar av næringsverksemda, men ein skal og utgreie verdier i naturmangfaldet. Planarbeidet må så avklare interessekonfliktane. Fylkesmannen viser mellom anna til Osterøy som har gjennomført eit planarbeid med ein godt balansert konsekvensutgreiing.

Det vart løfta at det må skapast ein møteplass der HFK, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Fylkesmannen kan møte kommunen for å drøfte problemstillingar knytt til havbruk.

Kommunen understreker at metode for KU-arbeidet er under utarbeiding for sjødelen av planarbeidet. Dette er det konsulentar som utformer i samarbeide med kommunen.

Statens vegvesen peiker på at havbruk også gir transportbehov over land. Dette må også bli vurdert i konsekvensutgreiinga og i plan. Til dømes har Landsvikområdet dårleg vegforbindelse.

Kommunen peiker på at forbodssona for forsvaret gir utfordringar for utvidingar av djupvasskaien på Hjertås. Kommunen vil difor i planarbeidet undersøke om der finnast andre lokalitetar for djupvasskai i kommunen.

Gjenbruk av massar

Hordaland fylkeskommune meiner det er positivt at kommunen løfter dette temaet. Det vil vere stort behov og kome sterkare krav til dette i framtida. Det er bra at dette får såpass stor plass i arealdelen. Kommunen har mest fokus på jordmassar, men HFK meiner ein og bør sette fokus på steinmassane og viser til Bærum kommune som har teke overordna ansvar for mottak av massar som kan sirkulerast ut.

Fylkesmannen skryter av arbeidet kommunen har gjort med rettleiaren om jordmassar og meiner det er særskilt viktig at kommunen no tek dette vidare i planarbeidet. Det vil vere sentralt å avgjere kva føringar som høyrer heime på kommuneplannivå og kva som må gjennomførast på andre nivå. Kommunen seier dei ikkje skal ha større deponi, men Fylkesmannen meiner det kanskje vil vere behov for det og at kommunen bør vurdere dette.

Statens vegvesen er usikker på om kommunen inkluderer massar frå vegprosjekter i dette arbeidet.

Kommunen peiker på at dette som regel vert handert i det enkelte planarbeid, men understrekar at det i alle fall blir lagt til rette for ein god dialog med vegmyndigheiter i prosessen.

Fylkeskonservator understrekar at ein i prosessen må vurdere eventuell konflikt med kulturminne.

Ny barneskule i området Frekhaug- Dalstø

Fylkesmannen trekk fram at det er viktig med medverknad frå barn og unge i slike problemstillingar. Det er også viktig å sjå sosial bustadbygging i forhold til skulebygging.

Statens Vegvesen har i si fråsegn lagt vekt på trygg skuleveg, og at kommunen har fokus på ein såkalla bilfri hjertesone omkring skulen. Dette krev gode stoppe og hentestader i utkanten av dette området.

Hordaland fylkeskommune understreker at alle offentlege bygg må vere med å skape gode lokalsamfunn og gi noko tilbake til omgjevnadene det vert lokalisert i.

Fylkeskonservator peiker på at det er viktig å bygge på lokal landskaps og stadsidentitet. Meland har lang historie og tradisjon for å bygge i stein. Kanskje kan dette vere eit viktig element i utbygginga og skape eit lokalt uttrykk i skulebygget.